

# Reservasjonsskjema for Tarmscreeningprogrammet



Skjemaet fylles ut, signeres og sendes til:

**Kreftregisteret, Tarmscreeningprogrammet, Postboks 5313 Majorstuen, 0403 Oslo**

Dersom du vel å delta i Tarmscreeningprogrammet, vil relevante helseopplysningar om deg knytte til undersøkinga bli registrerte i Kreftregisteret. Opplysningane blir behandla slik at personvernet ditt blir teke vare på på ein trygg måte.

Du kan reservere deg mot at personopplysningane dine knytte til undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet blir registrerte permanent i Kreftregisteret ved negativt funn. «Negativt funn» vil seie at det ikkje er teikn til eller mistanke om kreftsjukdom eller forstadiar til kreftsjukdom. Personopplysningar betyr i denne samanhengen namn og fødselsnummer, adresse og bustadkommune, sivilstand samt fødekommune eller fødeland.

Dersom du reserverer deg, vil personopplysningar som allereie er registrerte om deg, bli sletta etter at dei er kvalitetssikra, og seinast seks månader etter innsamling.

Du kan når som helst oppheve reservasjonen. Då vil Kreftregisteret registrere person- og helseopplysningar om deg knytte til alle undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet, også bakover i tid.

Eg reserverer meg mot at personopplysningane mine knytte til undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet blir registrerte permanent i Kreftregisteret ved negativt funn.

Eg opphevar tidlegare reservasjon mot at personopplysningane mine knytte til undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet blir registrerte permanent i Kreftregisteret ved negativt funn. Eg er innforstått med at dette inneber at Kreftregisteret vil registrere person- og helseopplysningar om meg knytte til alle undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet, også bakover i tid.

## Mine opplysninger

Namn		Fødselsnummer (alle 11 sifre må oppgivast)	
Gateadresse		Postnummer	
Poststad		Land	
Dato	Signatur		